



# Kartverket

MELAND KOMMUNE  
POSTBOKS 79  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.: aldcat  
Sak/dok.: 10316432/

Dato:  
01.07.2016

## Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 22 bnr. 246 i 1256 Meland kommune

Vi har vurdert seksjoneringa med vedlagte fullmakt de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

### Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Det er registrert ein uråderett på eigedomen. For å få tinglyst dokumentet må de leggje fram eit skriftleg samtykke til tinglysing frå Eiendomsmeidler 1 SR-Eiendom AS, jf. tinglygingslova §13 samanhalde med §14, 3. ledd.

Vi viser til vedlagte generalfullmakt. Vi ber om at de daterer inneståelseserklæringa slik at vi kan kontrollere at fullmakta gjaldt då seksjoneringa ble signert.

### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no). På [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no) er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 11.

Med helsing  
Statens kartverk Tinglysing

Cathrine Sjøblom Aldersjøen  
saksbehandlar



■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Statens kartverk Tinglysing, Tinglysing – fast eigedom  
Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss, Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss  
Telefon: 08700 Telefaks: 32 11 88 01  
E-post: [tinglysing@kartverket.no](mailto:tinglysing@kartverket.no) Organisasjonsnummer: 971 040 238